



# Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart etablert 1. januar 2017, då Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund fusjonerte.

HVL er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelte på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialfag, ingeniør- og økonomifag, lærarutdanning og samfunnsfag. HVL tilbyr ulike årsstudium og bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar.

HVL skal vere tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har ambisjonar om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

## Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i teiknspråk og tolking

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), er det ledig fast stilling i 100% som førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i teiknspråk og tolking. Stillinga er knytt til Seksjon for tegnspråk og tolking, Avdeling for lærarutdanning, campus Bergen.

Seksjon for teiknspråk og tolking har 6 tilsette. Primært er arbeidsoppgåvene i seksjonen knytt til bachelorprogrammet i teiknspråk og tolking. I tillegg har seksjonen ansvar for (undervisning i) faget teiknspråk knytt til Kompetanse for Kvalitet. Seksjonen samarbeider med andre utdanningsinstitusjonar som tilbyr bachelor i teiknspråk og tolking, om ulike nasjonale oppgåver. Forsking- og utviklingsarbeid er ein viktig del av seksjonen sitt arbeid.

Den som blir tilsett vil ha ansvar for undervisning i teori og praksis i teiknspråk og tolking gjennom heile studiet. Den som blir tilsett kan også trekkast inn i arbeidet med rettleiing og evaluering av bacheloroppgåver relatert til sin faglege profil og kompetanse. Vedkommande vil bli ein viktig ressurs i utviklingsarbeidet mot å skape ei utdanning i endring. Det er eit ønske at den som blir tilsett kan utvikle praksisområdet med utgangspunkt i nyare forskning.

Seksjon for teiknspråk og tolking er i utvikling, og den som blir tilsett vil få høve til å bidra til utviklinga med sin kompetanseprofil. Det blir dermed mogleg å påvirke fordelinga av arbeidsoppgåver på seksjonen. Den som blir tilsett må være villig til å bidra til utviklinga av nye fagområde innan teiknspråk og tolkeutdanninga. Seksjonen ønsker ein fleksibel og kreativ medarbeider som kan være med å utvikle faget også innanfor den nye grunnskulelærarutdanninga.

### Kvalifikasjonskrav

Norsk mastergrad eller tilsvarende utanlandsk utdanning i fagområdet teiknspråk og tolking.

For tilsetjing som førsteamanuensis må søkjar ha norsk doktorgrad eller tilsvarende utanlandsk utdanning med ein innretning som er relevant for utdanninga som tilbys her.

For tilsetjing som førstelektor må søkjaren ha kompetanse på nivå med norsk doktorgrad, og med relevans for stillingsprofilen.

Dersom det ikkje er søkjarar med dei nødvendige utdanningskvalifikasjonane, vil avdelinga vurdere å tilsetje ein person utan mastergrad. Ei slik løysing inneber at den som blir tilsett må forplikte seg til å fullføre slik utdanning innan tre år etter tiltreding.

### Tilleggskrav:

Relevant forskingsarbeid og relevant yrkespraksis vil bli vektlagt. Søkjarar med teiknspråk som førstespråk blir oppfordra til å søkje. Den som blir tilsett bør ha kompetanse i fortrinnsvis norsk teiknspråk. Tilsette som ikkje meistrar norsk teiknspråk ved tilsetjing må tileigne seg språket i løpet av maksimum to år. Det er også ønskeleg med kompetanse på teiknspråkdidaktikk og erfaring i arbeid med kreativt teiknspråk.

Vedkommande må ha ein kompetanse som er relevant for utvikling av eit studietilbod som møter krava til likestilling av norsk og norsk teiknspråk i studiet. Det er også ønskeleg med erfaring frå tolking- og/eller omsetjingsarbeid.

Den som blir tilsett må ha gode samarbeids- og formidlingsevner, men også evne til å arbeide sjølvstendig, ta initiativ og vere fleksibel. Høgt etisk medvit i møte med studentar er og påkravd.

Det vil bli vurdert om søkjar er personlig eigna for stillinga.

### Søk på stillinga

Søkjarar til stillinga vil bli vurderte av eit sakkunnig utval med tre medlem. Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stillingen" på denne sida. Som vedlegg til søknaden må søkjarar også laste opp dei vitenskaplege arbeida (inntil 5 stk.) dei ønskjer å ha med i vurderinga, fullstendig publikasjonsliste, attestar og vitnemål. Søkjarar bør nemne dei arbeida eller delar av arbeid som særleg skal vektleggjast ved vurderinga. Søknaden må også innehalde oversikt over vedlegg som dokumenterer søkjarens pedagogiske kvalifikasjonar.

Dersom vitnemåla, karakterutskriftar eller annan dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetingar.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurderte med den informasjonen som ligg føre i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at all informasjon er lagt inn innan fristen. Det er svært viktig at kvart av dei vitenskaplege arbeida som skal vurderast, i sin heilskap blir lasta opp som vedlegg til søknaden. Det er også mogleg å berre legge ved ei lenke til særleg storedokument/publikasjonar.

Dette finn du meir om under "Vedlegg" i søknadsprosessen. Søknadene vert sende elektronisk til det sakkunnige utvalet. Søknader kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskulen.

#### **Lønsvilkår**

- Førsteamanuensis vert løna etter Statens regulativ, kode 1011.
- Førstelektor vert løna etter Statens regulativ, kode 1198.
- Høgskulelektor vert løna etter Statens regulativ, kode 1008.

Høgskulen har tenestepensjonsordning og det vert trekt lovfesta innskot til Statens pensjonskasse

#### **Generell informasjon**

Den som vert tilsett må rette seg etter dei lover, forskrifter, instruksar og avtaler som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetting og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.

Opplysingar om søkjar kan bli gjort offentleg sjølv om søkjar ber om ikkje å bli ført opp på søkjalista. Dersom førespurnaden ikkje blir tatt til følge, vil søkjar bli varsla om dette.

<https://www.hvl.no/>

#### **Kontaktpersoner:**

Seksjonsleiar: Birgitte Torbjørnsen: 55 58 58 04 / 46 76 54 76 [ibto@hvl.no](mailto:ibto@hvl.no)

Programansvarleg: Sandra L. Halverson 55 58 70 35 / [sandra.louise.halverson@hvl.no](mailto:sandra.louise.halverson@hvl.no)

Jobbnorge-ID: 140051, Søknadsfrist: Avsluttet